

---

Vår referanse 2021/26396-2  
Dato 02.07.2021

---

Nærings- og fiskeridepartementet  
Postboks 8090  
0032 OSLO

## Særskilte behov for reiselivsnæringane i 2021

Reiseliv er ei viktig næring i Vestland fylke. Næringa er særleg hardt råka av koronapandemien, og fylkeskommunen har i heile perioden vore i tett dialog med organisasjonane i reiselivet. Gjennom særlege støtteordningar, møteplassar og ekstra tiltak har fylkeskommunen arbeidd målretta for å sikre at strukturen for reiselivet overlever. Det er vesentleg at arbeidsplassane i by og distrikt klarar seg gjennom denne vanskelege tida, og kan utvikle seg framover i tråd med krav og forventningar til ei grønare og meir berekraftig framtid.

Vestland fylkeskommune er også i tett dialog med kommunane i fylket, m.a. gjennom eit eige nettverk for reiselivskommunar der vi møter ordførarane. Nettverket stiller seg bak reiselivsnæringa sine prioriterte punkt for korleis næringa kan stå løpet ut gjennom 2021, og møte dei utfordringane som ein kan vente også på lengre sikt som følgje av koronapandemien. Særleg viktig er det at tiltaka har lang nok horisont til at bedriftene kan arbeide systematisk inn mot framtida, og sikre dei tilsette sin situasjon ut året. Prioriterte punkt er:

### Hjelpetiltaka som er innført med varigheit ut oktober må gjelde ut året 2021

- Det er viktig at **insentivordningane** som no gjeld ut oktober blir gjeldande ut året 2021. Sjølv med god aktivitet frå den norske marknaden i sommarsesongen, og ei mogeleg gjenopning frå nokre internasjonale marknader hausten 2021, vil situasjonen framleis være vanskeleg for store deler av næringa. Aktiviteten på årsbasis vil framleis vere langt lågare enn nødvendig, og mange selskap har no tæra bort oppspara midlar for å overleve.
- Det same gjeld nivået for **skattar og avgifter**. Ordninga med låg mva-sats må utvidast til å gjelde ut året 2021 og helst også ut 2022, sidan mange norske reiselivsbedrifter kan vente auka aktivitet først i 2022.
- Ordninga som gjev arbeidsgjevarar **fritak frå lønnsplikt** under permittering og rett til å ta i mot dagpengar må forlengast. Denne ordninga må vidareførast ut 2021.
- Støtte til **kompetansehevande tiltak** for bedriftene, som midlar for bedriftsintern opplæring (BIO-midlane) må vidareførast. Reiselivsnæringane kjem under dobbelt press for omstilling. Vi skal alle bevege oss inn i det grønne skiftet, men reiselivsbedriftene skal omstille seg samstundes som mange av dei må gjennom minst to år med sterkt redusert omsetning. Om fleire skal få den kompetansen som morgondagens arbeids- og næringsliv treng, er det viktig at BIO-midlane og bransjeprogrammet for reiseliv blir oppretthalde.

Norske gjester er godt betalande og gode kundar, men sesongen for reiselivet basert på norske gjester er for kort til at ein kan sikre økonomien. Skal ein få verdiskaping i haust må Noreg også i framtida følgje EU sitt regelverk for opning av grenser, slik at vi kan konkurrere om gjestane på lik linje med EU-landa. Tilrettelegginga må være god ved innfartsårene.

Med helsing

Jon Askeland  
avdelingsdirektør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*